

NYTT / AKTUELT

Tips: 57 86 87 90 • redaksjon@firdatidend.no

Bil kørde i elv i Hyen

Ein bil kørde utfor Fv615 Hyevegen og hamna i elva natt til søndag.

AADNE GLOPPESTAD
aadne@firdatidend.no

Tre ungdommar i slutten av tenåra kom til alt hell frå ulukka utan fysiske skadar.

Ikkje rus

Politiet fekk melding om hen-

dinga klokka 04:17, og det er oppretta sak på forholdet.

Det er ikkje mistanke om køyring i rusa tilstand, opplyste politiet i ei pressemelding søndag morgen.

Ovanfor bruia

Ulukka skjedde ved Kvelvingsbru nedanfor Hopsstøylen.

– Bilen kom frå hyesida, kom oppom veggen i svingen og enda i elva ovanfor bruia, opplyser brannmeister i Hyen, Arne Rønneklev Holme.


– Friske og raske

Han fortel at dei tre som var i bilen kom seg ut før brannmannskap kom til staden:

– Dei stod på kanten, friske og raske, men våte på beina etter å ha vassa i land.

Bilen hamna på hjula i den strie elva, og dei tre ombord kom seg fysisk uskadde ut.

Foto: Politiet.



No kan det bli opning i Kjøsnesbrua

Grunneigarane ved Kjøsnes-brua i Jølster og det pågåande utfiskingsprosjektet i Kjøsnesfjorden vil ha nye opningar i brufyllinga for å betre gjennomstrøyminga av vatn mellom dei to bassenga.

HALLSTEIN DVERGSDAL
hallstein@firdatidend.no

Dette er eigentleg eit gammalt krav som skriv seg heilt tilbake til 1960-talet, då bygginga av bruia gjekk føre seg, og eit krav som stadig er blitt teke opp att. Kravet fekk ny aktualitet i samanhend med dei store utfyllingane langs bruia.

Gammal lovnad

Det var søkt vegstyresmakten om opning i brufyllinga på Kjøsnessida på slutten av 60-talet, noko som først vart avslag, men litt seinare imøtekome i brev frå dåverande vegsjef Egil Abrahamsen.

– Ein har vurdert situasjonen på nytt, og funne fram til at ein vil byggje ein båtgjenomgang så langt inn mot land som råd er på Kjøsnessida, skrev vegsjefen då.

Denne lovnaden har vore

sentral når kravet om opning i brufyllinga no er blitt teke opp att.

Sunnfjord kommune sende i april søknad til vegvesenet om to millionar kroner i støtte til å få bygd ein slik gjennomgang. Det vart i brevet frå kommunen vist til lovnaden frå 1968.

Ansvar

– Sunnfjord kommune meiner Statens vegvesen klart har eit ansvar i høve å etablere avbøtande tiltak for vassmiljøet og aurebestanden i Jølstravatnet, gjennom planlagde tiltak for miljørestaurering ved Kjøsnesfjordbrua. Sunnfjord kommune sokjer med denne grunngjevinga om kr. 2. mill. til dette tiltaket, av ein kalkulert kostnad på kr. 5 mill., skrev kommunen i søknaden til vegvesenet.

Akkurat dette stiller vegvesenet seg litt tvilande til, og skriv i svarbrevet at dei er usikre på om dei er juridisk bundne av det som var sagt i 1968.

– Ting har endra seg vesentleg sidan då, og vi kjenner lite til kva kommunikasjon som har vore både før og etter. Det kan ligge føre premissar for dette som ikkje er kjende. I mellomtida er området regulert på nytt i reguleringsplan for Kjøsnesfjordbrua, vedtatt april 2019. I tillegg har Vestland fylkeskommune overteke ansvaret for



Det er på Kjøsnessida det er planar om å få til ei opning i brufyllinga i første omgang. Dei nye fyllingane ruvar godt i bakgrunnen.

drift, vedlikehald, planlegging og forvaltning av denne vegen etter regionreforma i 2020, heiter det i brevet.

Har halde seg til plan

Kommunestyrrerrepresentant Atle Hamar (V) har i kommunestyret stilt spørsmål ved om det er fylt ut meir stein i vatnet enn dei 90.000 fastkubikk som var avtalt med vegvesenet. Dette avviser vegvesenet på det sterkeste.

– Mengda stein som er levert er i tråd med det som er avtalt. Oppslag i media kan tyde

på at vi har levert meir masse enn det som er avtalt, men det skuldast mistydingar kring omgrepa faste massar og utlagde massar, skriv vegvesenet som gjer det klart at kommunen har fått 4,2 millionar kroner for å ta imot steinen og til å stelle til området.

Vegvesenet gjer det òg klart at fyllingane langs bruia er kommunen sitt påfunn og ikkje vegvesenet sitt.

Løyver pengane

Trass imykje tvil, har vegve-

senet likevel bestemt seg for å imøtekomme søknaden på to millionar kroner. Det blir vist til etaten sitt samfunnsoppdrag, og det at vegvesenet skal legge til rette for miljøvenleg transport.

Til løvinga er det knytt noko føresetnader, og det blir gjort klart at midlane berre skal nyttast til det omsøkte prosjektet og ikkje til å pusse opp og gjere i stand dei store fyllingane. Det er også krav om at prosjektet med opning i brufyllinga blir fullfinansiert og gjennomført i løpet av tre år.

Bil hamna på taket i Sogn

Ein bil hamna på taket på Hafslo laurdag kveld. Det var ein person i bilen. Vedkomande var vaken og bevisst og sat ikkje fastklemt. Naudetataane rykte ut, melder politiet.

MC av vegen i Sunnfjord

Ein motorsykkel sklei av vegen ved Movatnet på E39 mellom Vassenden og Førde fredag kveld. Naudetataane rykte ut, føraren var vaken, opplyser politiet.